

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Sommarkafeen, Stardalen

Dato: 31.10.2016

Tidspunkt: 09:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

Følgjande medlemmar/varamedlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Eline Orheim*	Medlem	Sogndal
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ragnhild Sæle	Varamedlem	Jølster

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jarle Aarvoll	Eline Orheim	Sogndal

*Eline Orheim har søkt om permisjon, og Jarle Aarvoll fungerer som fast medlem frå Sogndal. Kommunen har oppnemnt nytt varamedlem. Miljødirektoratet handsamar saka.

Merknader

Etter at styremøtet var slutt kl. 11 hadde nasjonalparkstyret fellesmøte med fagleg rådgjevande utval.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____Ivar Kvalen_____ _____Marius Dalin_____

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 37/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 38/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 39/16	Orienteringar		
ST 40/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - ny DNT-hytte på Sunndalssetra i Stryn kommune- DNT Oslo og omegn		2016/641
ST 41/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - sti, utkikkspunkt og bru i Briksdalen - Briksdalsbre fjellstove/ Oldedalen skyss		2016/3321
ST 42/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av snømålar og ferdsel med helikopter - Statens vegvesen		2016/3496
ST 43/16	Eventuelt		

Referatsakar:

- 22.09.2016: Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak – løyve til helikopterlanding ved klimastasjonen ved Flatbreen – NVE
- 20.09.2016: Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak – utviding av flygeløyve til Skåla i samband med byggeaktivitet – Bergen turlag

ST 37/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 38/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Marius Dalin til å underskrive protokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Marius Dalin vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med styreleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 39/16 Orienteringar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Orienteringssakar:

- Status på uløyvde saker
Styreleiar og forvaltar har møte med tiltakshavar etter dagens styremøte/FRU-møte. Referat frå dette møtet kjem til styret som ei eiga sak. Styreleiar fekk fullmakter frå styret til å følgje opp saka på eigna vis, alt ettersom utfallet av ulike spørsmål.
- Status på driftsbudsjett og bestillingsdialogmidlar
Forvaltar oppsummerte tala, og førebur sak til neste styremøte om fordeling av ev restmidlar.
- Offisiell opning av stien til Lundeskaret
Oddmund Klakegg opna den nyrestaurerte ferdselsvegen til snorklypping og felespel, og Einar Målsnes var også med frå styret. Tidlegare styremedlem Olve Grotle kom frå Førde. NRK laga innslag som vart sendt på vestlandsrevyen og på kveldsnytt, og stien har fått stor merksemd også på sosiale medium.
- Offisiell opning av brui på Tungestølen og status på Nye Tungestølen
Ivar Kvalen opna brui som nasjonalparkstyret har hatt ansvaret for å bygge opp att. Det kom mange menneskje, og det var mange gode tilbakemeldingar å få. Vi fekk to oppslag i Sogn Avis, både om brui og om Nye Tungestølen.
- Skålabu
I løpet av dei første vekene etter opninga har fleire hundre menneskjer allereie vore på den nye sikringshytta på Skåla.
- EuroParc
Ivar Kvalen, Einar Målsnes og forvaltaren drog nedover, samt fleire andre frå Norge. Styret fekk orientering om turen.
- Massive kutt i Miljødirektoratet/SNO: 30 til 50 stillingar, samt kutt av tenestekjøp
Dette vil potensielt gå ut over arbeidet i nasjonalparken, og framdrifta i merkevareprosjektet.
- Terrengsykling er no sidestilt med gåande i norsk natur
For nasjonalparken har det ikkje vore juridisk sett skilnad på gåande og syklande, men styret ønskjer å være i forkant av utviklinga og i dialog med terrengsyklistane. Viktig tema som bør omtalast i forvaltningsplanen.
- Påminning nasjonalparkkonferansen 8.-9. november
Både Sven Flo, Venke Kollbotn og Einar Målsnes drar til Trondheim, samt forvaltar.

ST 40/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - ny DNT-hytte på Sunndalssetra i Stryn kommune - DNT Oslo og omegn

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Marius Dalin:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er positiv til søknaden frå DNT Oslo og omegn om å byggje ei ny sjølvbeteningshytte, men ønskjer å gje SNO oppdrag å utreie konsekvensar av merkinga av stien over Kamperhamrane dei nærmaste tre åra før vi kan tilrå prosjektet. Vi meiner og at prosjektet bør reduserast til 8 sengeplasser.

Framlegget falt med 6 mot 1 stemme (Marius Dalin).

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Ivar Kvalen:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, søknaden frå DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbetjeningshytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra.

Nasjonalparkstyret ser positivt på at det vert etablert ein enkel overnattingsstad i Sunndalen. Det er ein særleg grunn, jf. forskrifta, at ei ny hytte styrker ålmenta si tilgang til området. Etter styret sitt syn er ei DNT-hytte med på å fremje formålet med vernet og opplevinga av naturen som rekreasjonsområde og staden for gode opplevingar. Med ei enkel overnattingshytte på Sunndalssetra vil Sunndalen og Jostedalsbreen nasjonalpark i større grad kunne opplevast av born og ungdom, der ein kan ta kortare turar i området med Sunndalssetra som utgangspunkt. Ei anna særleg grunn, jf. forskrifta, er at det tidlegare var ei overnattingsplass for ålmenta på setra. Den nye hytta er tenkt plassert i sørvestre del av stølsvollen og vert liggande skjerma i høve resten av stølsmiljøet (nml § 12). Nasjonalparkstyret ser det som positivt att eit samla grunneigarlag også står søknaden frå DNT.

Eit av momenta for å ikkje gje løyve, jf. nml § 9, er ein at ein kan tenkje seg auka ferdsle austover inn i villreinområda i Raudalen og Skridalaupbu. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ser det sjølvstilt som ei viktig oppgåve å ivareta villreinen og villreininteressene (nml § 9), og viser til saksutgreiinga for kunnskapsgrunnlaget (nml § 8). Styret vurderer det som lite sannsynleg at ei enkel overnattingshytte på Sunndalssetra vil føre til auka ferdsle (nml 10) inn i villreinområda. Det vil her uansett verte svært lange dagsetappar på over 10 timar. DNT-Oslo og omegn er tiltakshavar for prosjektet (nml §11), og må melde i frå til kulturmyndet dersom det kjem fram spor og gjenstandar, jf. kulturminnelova.

Forslaget frå Ivar Kvalen fekk 6 stemmer, mot 1 stemme (Venke Kollbotn) som støtta forvaltar si innstilling.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, søknaden frå DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbetjeningshytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra.

Nasjonalparkstyret ser positivt på at det vert etablert ein enkel overnattingsstad i Sunndalen. Det er ein særleg grunn, jf. forskrifta, at ei ny hytte styrker ålmenta si tilgong til området. Etter styret sitt syn er ei DNT-hytte med på å fremje formålet med vernet og opplevinga av naturen som rekreasjonsområde og staden for gode opplevingar. Med ei enkel overnattingshytte på Sunndalsetra vil Sunndalen og Jostedalsbreen nasjonalpark i større grad kunne opplevast av born og ungdom, der ein kan ta kortare turar i området med Sunndalsetra som utgangspunkt. Ei anna særleg grunn, jf. forskrifta, er at det tidlegare var ei overnattingsplass for ålmenta på setra. Den nye hytta er tenkt plassert i sørvestre del av stølsvollen og vert liggande skjerma i høve resten av stølsmiljøet (nml § 12). Nasjonalparkstyret ser det som positivt att eit samla grunneigarlag også stør søknaden frå DNT.

Eit av momenta for å ikkje gje løyve, jf. nml § 9, er ein at ein kan tenkje seg auka ferdsle austover inn i villreinområda i Raudalen og Skridalaupbu. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ser det sjølvstøtt som ei viktig oppgåve å ivareta villreinen og villreininteressene (nml § 9), og viser til saksutgreiinga for kunnskapsgrunnlaget (nml § 8). Styret vurderer det som lite sannsynleg at ei enkel overnattingshytte på Sunndalsetra vil føre til auka ferdsle (nml 10) inn i villreinområda. Det vil her uansett verte svært lange dagsetappar på over 10 timar. DNT-Oslo og omegn er tiltakshavar for prosjektet (nml §11), og må melde i frå til kulturmyndet dersom det kjem fram spor og gjenstandar, jf. kulturminnelova.

ST 41/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - sti, utkikkspunkt og bru i Briksdalen - Briksdalsbre fjellstove/ Oldedalen skyss

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Ivar Kvalen:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i naturmangfaldlova § 48, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbre Fjellstove løyve til å utbetre og tilrettelegge gangveg til, og byggje utkikkspunkt ved Kleivatoppen i Briksdalen slik det går fram av søknaden.

Nasjonalparkstyret meiner klårt at Briksdalsbreen og området ved Briksdalen har ein heilt unik posisjon som reisemål i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om lag 250 000 personar vitjar Briksdalen i turistsesongen og er ein av dei største turistattraksjonane i Sogn og Fjordane (nml § 8). Nasjonalparkstyret ser at ein i Briksdalen må ha ein større grad av tilrettelegging enn ein vil ha elles i Jostedalsbreen nasjonalpark. I eit område med eit så stort volum besøkande er det viktig med styrt tilrettelegging (nml §§ 9 og 10) nettopp for å ivareta naturen og naturmangfaldet. Med styrt tilrettelegging vil ein ha god kontroll på kor dei besøkande vil gå og opphalde seg, og på den måten hindre tråkk og slitasje på terrenget i verneområdet (nml § 12). Samstundes vil dei besøkande i mykje større grad få ei god og trygg oppleving av naturen og ei positiv kjensle etter å ha besøkt Jostedalsbreen Nasjonalpark. Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbre Fjellstove er tiltakshavarar , jf. nml § 11, og skal tilrettelegge på ein skånsam måte. Detaljar kring utforming av utkikkspunktet kan utarbeidast i dialog med nasjonalparkstyret (§ 12).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre meiner at tiltaket, jf. naturmangfoldlova si § 48, ikkje er i strid med verneføremålet og heller ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Framlegget stod med 5 mot 2 stemmer (Jarle Aarvoll og Marius Dalin).

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i naturmangfoldlova § 48, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbre Fjellstove løyve til å utbetre og tilrettelegge gangveg til, og byggje utkikkspunkt ved Kleivatoppen i Briksdalen slik det går fram av søknaden.

Nasjonalparkstyret meiner klårt at Briksdalsbreen og området ved Briksdalen har ein heilt unik posisjon som reisemål i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om lag 250 000 personar vitjar Briksdalen i turistsesongen og er ein av dei største turistattraksjonane i Sogn og Fjordane (nml § 8). Nasjonalparkstyret ser at ein i Briksdalen må ha ein større grad av tilrettelegging enn ein vil ha elles i Jostedalsbreen nasjonalpark. I eit område med eit så stort volum besøkande er det viktig med styrt tilrettelegging (nml §§ 9 og 10) nettopp for å ivareta naturen og naturmangfaldet. Med styrt tilrettelegging vil ein ha god kontroll på kor dei besøkande vil gå og opphalde seg, og på den måten hindre tråkk og slitasje på terrenget i verneområdet (nml § 12). Samstundes vil dei besøkande i mykje større grad få ei god og trygg oppleving av naturen og ei positiv kjensle etter å ha besøkt Jostedalsbreen Nasjonalpark. Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbre Fjellstove er tiltakshavarar , jf. nml § 11, og skal tilrettelegge på ein skånsam måte. Detaljar kring utforming av utkikkspunktet kan utarbeidast i dialog med nasjonalparkstyret (§ 12).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre meiner at tiltaket, jf. naturmangfoldlova si § 48, ikkje er i strid med verneføremålet og heller ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

ST 42/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av snømålar og ferdsl med helikopter - Statens vegvesen

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til Statens vegvesen v/ Arnstein Ommedal, til oppsetting av ein snømålar i fjellsida over Sandnes i Oldedalen på følgjande vilkår:

1. Snømålaren skal fjernast når den ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. nov. 2017.
2. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, 3. ledd, til same mottakar for flyging med helikopter i samband med oppsetting, ev vedlikehald og nedtaking av snømålaren, på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og det skal takast omsyn til fuglevil og ev friluftsliv i området.

2. Løyvet til å fly helikopter er mellom 28. okt. 2016 og 1. mars 2017, samt mellom 1. juli og 1. nov. 2017.
3. Sekretariatet eller Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen skal få melding seinast dagen før flyging.

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete av masta, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjoner, m.m.

ST 43/16 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte:

Sven Flo forslo å utarbeide eit brev som eit formelt innspel frå nasjonalparkstyret til budsjettforhandlingane på Stortinget. Forvaltar lagar eit forslag til styret.

Siste styremøte for 2016 er satt til å være den 2. desember i Sogndal.